

**Fakta:****Kong Sverre Sverre Sigurdsson (ca 1150–1202)**

- I følgje Sverresoga var han fødd i Noreg, men vaks opp på Færøyane, der han vart oppfostra av det som truleg var onkelen hans ein biskop. Mor hans heitte Gunnhild.
- Sjølv hevda Sverre seinare at han var son av kong Sigurd 2. Munn.
- I 1176 vende Sverre heim til Noreg og var leiar for ein gjeng skoggangsmenn som vart kalla birkebeinarane. Dei stod utan førar etter nederlaget på Re, og det var saman med desse Sverre reiste mot Trondheim i 1177.
- I Sogn og Fjordane er Sverre mest kjend for å sigra i slaget på Fimreite 15. juni 1184 – og for å ha brendt ned heile Lusakaupang (i dag: Kaupanger) nokre månader før.

(Kjelde: Store Norske Leksikon/Wikipedia/ NRK)



**UT PÅ TUR:** Humøret var det lite å seia på for turfølgjet. Øvst frå venstre: Jacques Giordano, Lars Røbel og Anita Kjelstrup. Framme frå venstre: Silvia Petersen,

# Strabasiøs ferd i kong Sv

Ut på tur    Store planar    Historisk rute    Stogga av snø

## FLÅM: Danskane ville fotfølgja segnkongen Sverre, men kom fort fram til at det ikkje er skam å snu.

Planen var å fylla kong Sverre sine sko, men det danske følgjet måtte etter kvart innsjå at dei heller skulle hatt sjumilstøvlar. Eller i alle fall fleire par truger. Store mengder snø og elles kupert norsk natur sette nemleg ein effektiv stoggar for reisefølgjet sine planar om å gå den historiske ruta.

### Fascinert av Sverre

– Planen var å gå heile ruta på 60 kilometer med ein snittfart på rundt to kilometer i timen, men det gjekk rett og slett ikkje, seier reiseleiar Jens Grønlund (68). Han tek på seg heile ansvaret for opplegget, både med ide, planlegging og kartlegging.  
– Hehe, ja det var eg som fann på dette her. Eg las om kong Sverre allereie tidleg på 80-talet, og vart veldig fascinert, seier den blide dansken.

### Tøff motstand

Saman med seks turkameratar frå broderlandet i Sør og ei sprek norsk dame

med hund, sette han seg føre å følgja kong Sverre si rute mot Bergen som han gjekk vinteren 1177. Sverre nådde forresten heller aldri målet, for på Voss møtte han og birkebeinarane tøff motstand frå lokale bønder og måtte gjera retrett attende mot Flåm.

– Segna seier at han gjekk same veg attende som han kom, fortel hobbyhistorikaren Jens.

### Sjekka ruta

– Så eg har brukt mykje tid på å undersøkje kva veg det kunne vera. Ti historikarar har freista å skildra den, og etter kvart byrja eg å plotta inn alle desse namna på eit kart, men kom fram til at dei fleste teoriane ikkje kunne stemma, seier han, som til sist kom fram til ei rute som går frå Håreina stasjon på Flåmsbana oppover mot Øyane og fram mot Vassetvatnet.

### Sommar og snø

Turen fekk bokstaveleg talt ein brå start.  
– Der var det utruleg bratt oppover, mest ikkje til å tru. Og mykje i terreng utan sti. Då me kom opp til Vassetvatnet, var det heilt frose.

– Då me planla dette i fjor sommar,

håpte me jo at det skulle vera sommar og ikkje så mykje snø – men det var heilt enorme mengder, det gjorde det veldig vanskeleg å gå for dei fleste i følgjet. Me var berre to som hadde truger, fortel han.

### Skoddefaste

Vandrarane bestemte seg for å gå til Grindaflethytta og brukte ein heilt dag på den distansen. Der tok dei seg ein kviledag grunna skodda.

– Det var så tjukk skodde at me kunne ikkje ha kome oss nokon stad den dagen, det kunne blitt for farleg. Og me var så slitne at me orka rett og slett ikkje, seier Jens.

### Bratt og glatt

Dermed vart det ikkje noko vandring gjennom Rjondalen mot Elvamotet, ei heller nokon topptur til Midnosi, eller den siste etappen gjennom Frondalen som planlagd.

– Me bestemte oss for å korta ned ruta og ta oss ned til Brekke og vidare til Flåm.  
– Me brukte 13 timar frå Grendeflethytta og ned, det var utruleg bratt og det byrja å regna, så det var også veldig glatt. Dei fleste var temmeleg ferdige når